

Sogn og Fjordane Holding AS

Sak 97/24 Fase to av pågåande prosess kring framtidig eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS (SFE)

Styret i Sogn og Fjordane Holding (SFH) gjorde 18. november 2024 vedtak om framtidig eigarskap i SFE, jfr oppsummering og vedtak i innstilling frå styret datert 18.11.2024 som er sendt til alle eigarane:

«Målet med SFH sin eigarskap i SFE er å sikre at verdiane og sjølve eigarskapen til SFE blir liggjande i gamle Sogn og Fjordane. At SFE skal halde fram som eit sjølvstendig selskap er førande i både aksjonæravtale og vedtekter.

Etter styret si vurdering må dette vere avgjerande når det er så vidt usikkert om og i kor stor grad ein kan oppnå vesentlege meirverdiar gjennom eit fusjonert selskap.

Særleg gjer dette seg gjeldande når det kun er få år sidan aksjane i SFH vart gitt med så klare føringar frå fylkeskommunen om framtidig eigarskap for aksjeposten i SFE.

Ut frå ei samla vurdering gjorde styret slikt einstemmig vedtak:

“Styret si tilråding til eigarane er at SFH seier nei til ein fase 2 med full fusjonsutgreiing mellom Eviny og SFE.”

Styret i SFH er kjent med at Eviny har formidla at dersom SFE held fram som eige selskap, så vil Eviny vurdere eigarskapen sin i SFE. Det er styret si vurdering at det vil vere ein styrke for den samla eigarskapen i SFE om Eviny held fram som eigar med sin industrielle kompetanse. Framtidig verdiauke i SFE vil også komme Eviny til gode.»

I etterkant av styret sitt vedtak kom Eviny 22.11.2024 med eit forhandlingsutspel.

Styret har hatt dialog med Eviny om dette og eigarane vart informert om dette i eigarmøte 2. desember 2024.

Den 3. desember 2024 gjorde styret slikt einstemmige vedtak som tillegg til opprinneleg vedtak:

- Det er eigarane som gjennom si stemmegjeving på generalforsamling 16. desember 2024 tek stilling til om ein skal gå vidare med ei full fusjonsutgreiing. Etter styret si vurdering står styret si opprinnelege tilråding fast og styret viser i sin heilskap til innstilling datert 18.11.2024.
- Etter Eviny si vurdering vil ein fusjon mellom Eviny og Sogn og Fjordane Energi kunne gjennomførast utan å endre aksjonæravtale og vedtekter i Sogn og Fjordane Holding (SFH). Styret deler ikkje Eviny si vurdering.
- Dei økonomiske sidene av tilbodet gitt at eit fusjonert selskap klarer å ta ut synergjar i området MNOK 700 gjer ein fusjon økonomisk sett meir attraktiv for eigarane i SFH. Tilbodet kjem ikkje med noko handfast knytt til lokalisering av verksemdsområde til Sandane utover at Eviny er villege til å forhandle om dette i ein fusjonsprosess.

Adresse

Naustdalsvegen 1B
N-6800 FØRDE
Norge

Mobiltelefon

95261332

E-post:

svein.overland@pwc.com

Bank

Org. nr.:

989 339 338

- Etter det opplyste er ikkje tilbodet endeleg forankra hos styret og eigarane utover innleiiande drøftingar med enkelte styremedlemmer. Innhaldet i tilbodet må godkjennast på styre- og eigarnivå i Eviny for å kunne gjennomførast.
- Styret gjer merksam på at Eviny har opplyst at tilbudet er eit eingangstilbod knytt til denne aktuelle prosessen.
- Styret kan vanskeleg sjå at det er mogeleg å gjennomføre ein fusjon med Eviny utan endring av aksjonæravtalen og/eller endring av vedtektene i selskapet. Så vidt styret kan sjå er det ikkje eit tilstrekkeleg fleirtal for dette blant eigarane.
- Det er etter det opplyste eit krav frå styret i Eviny at spørsmålet om stemmerettsreglar skal avklarast før ein går vidare med ei full fusjonsutgreiing. Dette må i tilfelle komme som eit initiativ frå ein av eigarane, enten gjennom ein rettsleg avklaring og/eller ei avklaring av at eit ja til full fusjonsutgreiing også er eit ja til å gjennomføre ein fusjon med grunnlag i eit førehandsdefinert standpunkt til stemmerettsreglane i SFH for ein fusjon med Eviny.
- Styret deler eigarane sitt ynskje om ein klarare eigarstrategi for SFH og vil sette i gang ein slik prosess over nyttår dersom ein ikkje går vidare med ei full fusjonsutgreiing. Eigarane vil bli kopla tett på i prosessen. Ein bør også vurdere om det er behov for ein oppdatert eigarstrategi for SFE, men det krev ein dialog med dei andre eigarane i SFE.

Styret si tilråding til eigarane i den ekstraordinære generalforsamlinga er difor at SFH seier nei til ein fase 2 med full fusjonsutgreiing mellom Eviny og SFE.

Styret rår generalforsamlinga til å gjere slikt vedtak den 16. desember 2024:

«Generalforsamlinga vedtek å seie nei til ein fase 2 med full fusjonsutgreiing mellom SFE og Eviny.»

Styrevedtak SF Holding adframtidig eigarskap i SFE

Signers:

<i>Name</i>	<i>Method</i>	<i>Date</i>
Helle, Arve	BANKID	2024-12-05 14:04



This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.